

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fyaleboi

Emne: Arde og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland

Gard: Skjævesland

(adresse): Fyaleboi

G.nr. 82 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1 og 2. Namnet arde er so vidt eg veit ikkje kjent her. Her ikkje truffe på gamle folk som kjenner det. Her er ikkje leirjord som på austlandet, og arden her ikkje sin plass her. Kva dei kallar deto primitive plogge- eller røte-reidskaper som var i bruk her som andre stader i landet for fleire hundre år sidan, veit eg ikkje so visst. Nedmolding av korn foregjøng med hov og her gjort det i mange mannsaldrar. Med rive eller hakke berre på små åkerflekkjer og einskilde bratte og uhringe stader.

3. Til potetsetjing brukar ein plog eller ogso hestvakke med hyppeshjer. For hestvakke ikr. 1915-20 korn i bruk her vart hyppeplog som namnet segjer, mykje til hypping av poteter og til meper som skulde såast på drill. Ein slike hyppeplog var som ein litens jernplog elles, men med vellefjoler til begge sider. Vellefjolene kunde stillast nærare eller lengere frå kvarande med ei innretning innvendig i bakre

2  
endens av fjölene. Plogen velta då  
molda meir eller mindre til sidene  
eller som ein stilla. I seinare tider  
var det vanleg med tvo skyer. Tid-  
legare var det og brukt hyppeplog med  
eit skyre av jarn. Ein slik plog, som  
Peder Bjørnsen (far til B. B.) hadde  
då han var prest i Fogne, er her på  
Skjævesland den dag i dag.

4 og 5. Etter det som er sagt frammanfor fell  
denne spuremåla burt.

6. Skoklane kallast her: skoglan (flid)  
, skogla (ei). Ein segjer og: ein homål  
og homålan (o-en open og lang, som  
i ordet hove = hovedet).

8. Sjå det som er sagt ovanfor, A. d.  
pkt. 3 om stilbare veltefjoler på hyp-  
peplogen.

11. Hyppeplogen hadde ikkje ristel eller  
slapsko til regulering av djupna.

12. Hyppeplogane som her vore i bruk  
dei siste mannsaldrene, var laga av  
byggdesmedar.


13. No brukast mest berre moderne  
fabrikksmidde plogar. Den fyrste  
jernplogen her i bygda kjøpte best.  
far min, Erik st. Skjævesland (f. 1823,  
d. 1886) kuleg i 1860-åra. Han betalte  
20 spd. for plogen, som var laga  
av ein smed i naboskna. Det var  
som eit under so lett denne plogens  
gjekk, samvanlikna med dei gamle  
sleplogane med like jarn på-tykke  
folk. Far til grannen min fekk

jernplog i 1870-åra. Det monstret av ein treplog han hadde før han fekk jernplog er ennå til. Trestyrene er mest rette og er 6 fot lange. Aksele er vel 5 fot. Berer velhefjøl og landside og beisel-ordninga er av jern, eller er det tjukk og tung eik.

14. Noko liknande som fig. 8 finst på bygdemuseet i grannesokna Lögne, og noko av det same er det i Mandal og Opplands Folkemuse på Øyslebø. Men ploget er vistnok komen frå andre bygder.

15. Hadde spade med. Spaden har skifta fasong etter tider og utvikling. Dei fyrste jordspader eg kan minnst var av tre so nde som at dei var stålskodde mede og litt på sidene og såg slik ut:

Målest. 1:10



Skatlet krumt på andre viset.

16. Ploget velta ein til same sida som velhefjola når ein høyrde tilbake

18. Nei. Eg kjemmer berre ein mann her i bygda som hev både høgre- og vinstreplog. Vinstreploger kjøpte han til bakkepløging for å kunne leggja fora tilbake annanstvars gong han pløgdde bakkeane. Pløgdde berre ulfor. Men dette er ploget av ny dato - 20 år.

19. Før i tida pløgdde dei gjerne grundt - kult med til 4-5 tumar. Dei var redd for å få upp uava (uhevda) jord, som

4

dei sa. Det var vanleg med slapsko på dei gamle jernplogane. Treplogane var utan slapsko.

20. Er ikkje heilt viss på det.

21. Her ikkje set eller høyrst tale um slike plog.

22. Her aldri set anna enn kjerne nytta til det.

23. Den Falkenstenske plog kjennet eg berre frå lærebøker, jordbrukslære o.l.

Ein seier: plog (open & som i tog = kneppetog)

2221

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING